

2025



VEIR

ROALD DAHL'S
Matilda
THE MUSICAL

Manus: DENNIS KELLY Musikk og sangtekst: TIM MINCHIN

28.11., 29.11., 30.11., 05.12., 06.12., 07.12. i Operahuset Nordfjord, Nordfjordeid

Kjære publikum



SOM vi har venta på musikalen *MATILDA*, og no endeleg er den her, speleklar i Operahuset Nordfjord! Eg sendte den aller første søknaden om lisens i mai 2019, så i 2021 og i 2024, før vi endeleg fekk ja - det gjeld å ikkje gi opp og tore å mase litt!

Vi er utruleg stolte over å ha samla eit så flott lag med born og ungdommar frå sju kommunar, frå Førde i sør til Ørsta i nord, og derimellom Volda, Stryn, Stad, Gloppen og Stranda. Når vi samlast med felles interesse om å skape noko stort og magisk i lag, skjer det noko med oss: vi blir glade, hjelpsomme, konsentrerte, vi får ny kunnskap, og

lærdom under kyndig og inspirerende vegleiing av det kunstnariske teamet, Stor takk til både instruktørar Mattias, Simen og Tove og designarar Anndi, Heidi, Ovar, Hege og Stig, som har laga Matilda-universet vårt! Saman med Matilda skal de bli med på ei magisk reise i kampen for det som er rett og godt og kampen mot det som er leit og vondt.

Folkens, det er på tide å gjere opprør!

Med beste helsing
Kari Standal Pavelich,
operasjef

Kära publik



Arbetet med att adaptara Roald Dahls bok *Matilda* till musikal började som en workshop på Royal Shakespeare Company 2010. Musikalen hade därefter premiär i Londons West End 2011, på Broadway i New York 2013 och har efter det spelats över hela världen. Och nu är det Nordfjordeids tur!

Berättelsen om Matilda, en superintelligent, orädd och modig flicka, är oemotståndligt briljant i sin komik, skärpa, kritik, empati och värme. Berättarformen i Matilda är en SAGA. En saga om en hjälte som slåss mot de orättvisor och grymheter som vuxenvärlden riktar mot henne och de andra barnen. Matildas utrop: "Det är fel!" är själva kärnan i berättelsen. Som regissör vill jag titta på den här berättelsen via barnets blick; där barn ofta betar sig som vuxna, och vuxna som barn. I såväl boken som musikalen Matilda sätts barnen i fokus. Barn har tillgång till MOD, FANTASI, INTELLIGENS och MAGISKT TÄNKANDE – förutom några få undantag är de vuxna otroligt

KORKADE. På brittiskt vis är det hela tiden med en varm och igenkännande humor som vi ser de tokigheter som ofta finns och sker i en familj. Även om det i familjen Wormwood sker på ett VÄLDIGT skruvat vis.

I musikalen Matilda ser vi en kamp mellan:

Kunskap – Åsikter
Intelligens - Dumhet
Frihet - Auktoritära krafter
Vänlighet - Grymhet
Smarta Barn - Korkade Vuxna

där Kunskap, Intelligens, Frihet, Vänlighet och Barnen trots allt VINNAR. Och det känns väldigt viktigt och angeläget att påstå, i den tiden vi lever i just nu.

Vi önskar er en trevlig föreställning.

Mattias Palm,
regissör

Hjärtligt välkomna till musikalen *MATILDA*! För mig som regissör känns det jättekul att få komma till Opera Nordfjord, ett operahus jag har hört så mycket gott om. Ända till Sverige. Och att få jobba med detta fantastiska material tillsammans med alle flinke barn, ungdomar och vuxna är verkligen en gåva!

ROALD DAHL'S Matilda THE MUSICAL

Manus: DENNIS KELLY Musikk og sangtekst: TIM MINCHIN

Norsk omsetting ved Atle Halstensen

Nynorsk omsetting ved Ine Nord og Kari Standal Pavelich

Kunstnarisk/teknisk team

Regissør: **Mattias Palm**

Musikalsk leiar: **Tove Kragset**

Koreograf: **Simen Gloppen**

Scenograf/Rekvisitør: **Anndi Bergset**

Kostymedesignar: **Heidi Kverndokk**

Lysdesignar: **Ovar Holmen**

Maskør: **Hege Ramstad**

Lyddesignar: **Stig Aron Kamonen**

Repetitør: **Tove Kragset/Tone Støylen Holgersson**

Koreografiassistent: **Thea Mavropoulou**

Inspisient: **Kristin Sandal**

Produsent/Scenemeister: **Ine Nord**

Kostymansvarleg: **Anne Gotaas**

Rekvisitørassistent: **Hanna Tkach**

Barne-inspisient/Påkledar: **Anne Kirsti Noste**

Inspisient-assistent: **Uma-Leonora Solheim Melsether**

B-lyd: **Alexander Kupaen Løset**

Følgespot: **Marius Oliver Isene Hopland/Kevin Kårdal/**

Rolf Kristian Rønnekleiv

Rolleliste

Matilda: **Mari Sægrov Djupvik/Lilly Svidal-Sande**

Miss Agatha Trunchbull: **Espen Langvik**

Mr. Wormwood: **Eirik Risholm Velle**

Mrs. Wormwood: **Sunniva Botn Honningsvåg**

Miss Honey: **Martha Standal Pavelich**

Mrs Phelps: **Nora Aurdal**

Legen/Utbrytarkongen/Sergei: **Håkon Bøen**

Akrobaten: **Thea Mavropoulou**

Michael Wormwood: **Leon Tveito**

Rudolpho: **Aslak Dahle**

Sjukepleiar: **Åsaliv Røgeberg**

Barne-entertainer: **Nicolai Hauge Ravnestad**

Kokka: **Uma Leonora Solheim Melsether**

Mafia: **Stian André Hundeide/Nicolai Ravnestad/**

Andreas Brandsæter/Henrik Børresen

Ein stor takk til Jugendteateret i Ålesund for lån av kostyme!



Klassa til Matilda



Bruce
Jakob Brandsæter
Volda



Lavendel
Frida Søvik Mårstøl
Ørsta



Lavendel
Ea Anouk Nyhammer
Sandane



Nigel
Lino Lunde Solberg
Stryn



Eric
Liam Alexander Bugjerde
Bryggja



Amanda
Synna Navelsaker Sandvik
Nordfjordeid



Alice
Milla Tomine Kleppe Rise
Nordfjordeid



Hortensia
Adine Hersi Hjellbakk
Sandane



Tommy
Martin Midthjell Hanøy
Nordfjordeid

Barneensemble

Ella Sandal Birkelund
Synne Sandal Birkelund
Ulrik Nistad Faulk
Synne Frimannslund
Frida Mardal Fuglestrand
Mari Larsen Hasle
Jenny Gloppstad Hjelle
Agnes Kayser-Husbyn
Maren Oline Henden Vatne
Eiril Paulen
Sigrid Brekke Vestøl
Ylva Walseth

Ungdomsensemble

Ada Brenne
Siril Olivia Kjelstadli
Johanne Navelsaker
Elisa Nyhammer-Taklo
Åsaliv Røgeberg
Freya Kramer Søholt
Liv Gjelsvik Tollefsen
Henrik Børresen
Nicolai Ravnestad
Leon Tveito

Foreldre

Nora Aurdal
Stian André Hundeide
Heidi Beate Erviksæter
Leon Tveito
Reidun Vambeset
Eli-Karin Bergheim
Ingrid Navelsaker
Andreas Brandsæter

Orkester

Kapellmeister/Keyboard 2: **Tove Kragset**
Keyboard 1: **Tone Støylen Holgersson**
Fløyte: **Rebecca Lambrecht Smilovski**
Klarinett/Saxofon: **Elisabeth Røgeberg**

Trompet 1: **Jon-Vegar Sole Sundal**
Trompet 2: **Kristin Vik Hofseth**
Trombone: **Andreas Rotevatn**
Cello: **Hallvard Braaten Steinhovden**

Gitar: **Dan Aasebø**
Bassgitar: **Otto Ose**
Slagverk: **Thomas Aanonlie**

Om MATILDA



Litt om musikalen *MATILDA*

Musikalen fortel den rørende, fantasifulle og sterke historia om Matilda, ei ekstraordinær lita jente som, utstyrt med ein levande fantasi og eit skarpt sinn, torer å ta eit standpunkt og endre sin eigen lagnad. Forestillinga er underhaldande for alle aldrar! Vaksne som barn vil late seg begeistre av historia om jenta og hennar fortryllande fantasi.

Musikalen har motteke 99 internasjonale prisar over heile verda, inkludert 24 prisar for beste musikal og 7 Tony Awards. Musikalen er ein av dei mestselgande musikalane på West End og på Broadway for tida, ein suksess utan sidestykke.

Verda blei introdusert for Matilda i 1988, som ein av dei siste kjende romankarakterane Roald Dahl vekte til live i sitt magiske forfattarunivers.

Det er selt meir enn 17 millionar eksemplar av boka over heile verda. I 2010 vart *Matilda The Musical* brakt til scena av **The Royal Shakespeare Company** i London. Sidan den gong har musikalen vore ein enorm suksess verda over og tiltrekker seg besøkende i alle aldrar.

Komponist og komikar Tim Minchin har skrive den fengjande musikken og dei brillante sangtekstane, og Dennis Kelly har dramatisert historia og tilpassa denne til musikalformatet.

Meir om handlinga:

Matilda er eit veldig spesielt barn med utrulege evner. Foreldrene hennar er så opptekne av å tene pengar og sjå på TV, at dei forsømmer dottera på det grovaste. Ho finn tidleg trøyst i bøkene og synest aldri at ho kan få lært nok. Omsider får Matilda begynne på skulen, men

det viser seg raskt at dette ikkje er ein heilt vanleg skule. Rektor Trunchbull er eit tyrannisk monster som hatar barn og som skapar skrekk og gru rundt seg. Men læraren, Frøken Honey, er ei godhjarta kvinne som straks oppdagar Matildas sine geniale evner. Når urettferda blir for stor, viser Matilda sine magiske krefter. Frøken Honey har ein mørk løyndom, og Matilda må ta all sin styrke i bruk for å hjelpe henne og samtidig knekke rektors tyranni. Det er no dei utrulegaste ting begynner å skje!

MATILDA er først og fremst ei hjartevarm historie om modige born, som saman søker rettferd og sanning, og om nokre feige vaksne som har nok med seg sjølve. Men, heldigvis, finst det òg nokre gode vaksne, som både tek ansvar og hjelper dei som er åleine og treng å bli sett. I dette moderne eventyret endar det sjølvsgodt for dei som fortener det!

Songar i MATILDA

Akt 1

VIDUNDERLEG

ULYDIG

SIRKUSHISTORIA del 1:

Det var ein gang...

SKULESANGEN

PATETISK

SLEGGA

ULYDIG - reprise

KVELAREN

TA Plass

HO ER UNIK

SIRKUSHISTORIA del 2:

Og så var den store dagen endeleg komen

BRUCE

Akt 2

ALT EG VEIT

NÅR EG BLIR STOR

SIRKUSHISTORIA del 3:

Det heile begynte bra

EG ER SMARTAST

SIRKUSHISTORIA del 3:

Eg er her

HER LUKTAR DET OPPRØR

STILLE

MITT HUS

VI GJER OPPRØR

APPLAUS-MUSIKK:

Når eg blir stor / Ulydig



Medverkande

Mattias Palm regissør



Mattias er utdanna på musikalprogrammet ved Teaterhögskolan i Göteborg 2000–2003. Som musikalartist og skodespelar har han medverka i musikk- og taleteaterproduksjonar på mellom anna GöteborgsOperan, Wermland Opera, Stockholms Stadsteater, Åbo Svenska Teater, Teater Tofta, SjöföleOperan, Teater Slaghuset, Det Ny Teater i København og for Sveriges Radio og SVT Drama. Sidan 2013 har han først og fremst vore verksam som regissør og librettist innan musikkteater. Han regisserte nyleg *Matilda – the Musical* på SjöföleOperan. Tidlegare regioppdrag er *The PROM* for Stockholm Musikalartist Utbildning på Intiman i Stockholm, *Waitress* på SjöföleOperan, nypremieren av *Carmen* på GöteborgsOperan, musikalen *Silverhjärtats hemlighet* på Kronhuset i Göteborg, *Närmare kanten* på Riksscenen i Oslo, *HEATHERS* på Balettakademien i Göteborg, operaen *Trubaduren* på Operan i Kristiansund, familiemusikalen *Julglitter och Operakaos* på GöteborgsOperan, *Så som i Himmelen* på SjöföleOperan, *Don Giovanni* for Opera Warberg, *BILLY ELLIOT* på SjöföleOperan, *The Theory of Relativity* på Victoria i Oslo, *SPRING AWAKENING* på Balettakademien i Stockholm, urpremieren av *Närmare kanten* på Högskolan för Scen och Musik, *Enleveringen ur Seraljen* for Opera Warberg, *Skönheten och Odjuret*, *The Producers*, *My Fair Lady*, *ANNIE* og *Spelman på taket* på SjöföleOperan, *The 25th Putnam County Spelling Bee* på Teater Aftonstjärnan og *A Chorus Line* på Balettakademien i Göteborg.

Under namnet Rooftop Musicals skaper Mattias saman med Martin Schaub, Patrick Rydman og Jenny Schaub ny svensk musikal. Verka deira er til no *Närmare kanten* (2019), *Dead or Alive – Balladen om Kate Warne* (2022) og *Silverhjärtats hemlighet* (2023). Komande regioppdrag er urpremieren av musikalen *RIDÅ*, som Mattias skriv saman med kollegaene sine i Rooftop Musicals på Balettakademien i Göteborg, musikalen *Donna Bacalao* på Operaen i Kristiansund og musikalen *Legally Blonde* på Södra Teatern i Stockholm.

Tove Kragset musikalsk leiar

Tove Kragset er ein svært allsidig og anerkjend musikal med lang erfaring som pianist, komponist, akkompagnatør, arrangør og kapellmeister. Ho har vore musikalsk ansvarleg for ei rekkje forestillingar og show innan teater- og revy-scena og er fast akkompagnatør for mange av landets fremste artistar, mellom anna Herborg Kråkevik, Trond-Viggo Torgersen, Helene Bøksle, Bjarte Hjelmeland og Åse Kleveland. Tove skriv musikk saman med ulike tekstforfattarar, artistar, musikalrar og produsentar og har motteke fleire større stipend frå mellom anna Den Norske Komponistforening, Komponistenes Vederlagsfond, NOPA og Kulturrådet. Eigne komposisjonar blir spelt inn og utgitt på eige plateselskap, Emerald, stifta i 2022. Ho har eit nært kunstnarisk samarbeid med den irske tekstforfattaren Brendan Graham (kjend for mellom anna *You Raise Me Up*), og saman har dei skrivne fleire av songane på Helene Bøksle sitt album *The Blue Wave*.



Simen Gloppen koreograf/regiassistent



Simen Gloppen er utdanna ved HiNT og Bårdar Akademiet i Oslo. Han har koreografert ei rekkje store produksjonar, mellom anna *Europavisjonar*, *Charlie og sjokoladefabrikken*, *Sister Act*, Eurovision Song Contest – *Give that Wolf a banana* for NRK (Torino, Italia), som han òg blei nominert til beste koreografi for i Eurovision Awards 2022, *Spelemann på taket*, *Tell Me on a Sunday*, *Kristina från Duvemåla*, *Optimist* og fleire forestillingar for Oslo Fagottkor. Han har jobba som assisterande regissør saman med regissørar som Mattias Carlsson og Tore Myklebust i *Moulin Rouge! The Musical*, *Sister Act* og *Jersey Boys*. Han regisserte ein ny versjon av Queen-musikalen *We Will Rock You* (Oslo Spektrum, Norge) i 2023. Hans arbeid som dansar inkluderer *The Book of Mormon*, *Spelemann på taket*, Eurovision Song Contest (Torino), *Charlie og sjokoladefabrikken*, *Evita*, *Grease*, *West Side Story*, *A Chorus Line*, *Monty Python's Spamalot*, *La Cage aux Folles* og *The Sound of Music*.

Anndi Bergset scenograf

Anndi Daleske Bergset kjem opprinneleg frå USA, men er stolt av sitt doble statsborgarskap. Ho har budd i Noreg sidan 2013 saman med mannen sin på Ulvedal. Anndi fekk sin bachelorgrad i kunsthistorie frå Gustavus Adolphus College i Saint Peter i Minnesota og mastergrad i teaterdesign frå Tulane University i New Orleans i Louisiana. Ho er veldig glad for å få bruke utdanninga si i oppdrag for Opera Nordfjord og har hatt engasjement som rekvisitør ved operaen nesten alle åra ho har vore i Noreg. Ho hadde både scenografi og kostymedesign for *Reisa til Julestjerna* i 2020 og *Soga om Sol* i 2023 og reprisen i 2025. Når Anndi ikkje arbeider for operaen om hausten, er ho dagleg leiar for Gjensyn systove i Stryn, med fokus på gjenbruk og integrering.



Heidi Kverndokk kostymedesignar



Heidi Kverndokk kjem frå Ålesund og er utdanna ved Institutt for Klær og kostyme på KHiO og ved Hochschule der Künste i Berlin. Ho har erfaring innan mote, film og fjernsynsproduksjon og har i ti år vore leiar for fleire kreative produksjonsteam, mellom anna kostymegruppa i NRK og Devold of Norway. Heidi har vore kostymedesigner for Ålesund Kulturskole på *Annie*, *Peter Pan*, *Rampelys* og musikalen *Spring Up* samt for *Høydan AS* og *Byspelet* i Ålesund i 2010 og 2011. Vidare har ho hatt kostymedesign på *Borgny-musikalen* om Bybrannen i Ålesund. Ho har vore fast designar på Jugendteateret si årlege oppsetting av *Putti Plutti Pott* med 150 born sidan 2012. Til dagleg er Heidi lærar ved Borgund vidaregåande skule i faga Håndverk, design og produktutvikling 1. år og for designfaga i Søm og tekstilhåndverk 2. år. Teater og kostymearbeid er ein sterk lidenskap i tillegg til full lærarstilling. Å tolke og forstå menneske og skape eigenarta, tydelege karakterar saman med fine folk gir Heidi stor glede, energi og ein meiningsfull kvardag.

Ovar Holmen lysdesignar

Ovar kjem frå Drammen og har budd på Haugen i Stad kommune sidan 2009, då han begynte å arbeide for Operahuset Nordfjord, der han er lys- og teknikkansvarleg. Han har tidlegare gjort lysdesign for Opera Nordfjord på *Turandot*, *The Sound of Music*, *Du er god, du*, *Charlie Brown*, *Sildagapet*, *Annie*, *Hans og Grete*, *Mannen frå La Mancha*, *Jorden rundt på 80 dagar*, *La Traviata*, *Soga om Sol*, *Figaros bryllup*, reprisen på *Soga om Sol* og operaen *Blå*. Han har hatt lysdesign på alle skulemusikalane ved Eid vidaregåande skule sidan 2009.



Hege Ramstad maskør



Etter endt utdanning hadde Hege engasjement for NRK og Den Norske Opera & Ballett, før ho i 1999 vart fast tilsett ved Nationaltheatret. Her har ho vore maskør på over 50 framsyningar, mellom anna *De foreldreløse*, *Eutopi*, *Jeanne d'Arc*, *Festen*, *Byggmester Solness*, *Speer*, *Volpone – en komedie uten kjærlighet*, *En vanlig dag i helvete*, *En midtsommernatts drøm*, *Chet spiller ikke her*, *Abigail's party*, *Disputten*, *Holocaustmusikalen*, *deLillos – livet er en liten dings*, *Lulu – Pandoras eske*, *Jo fortore jeg går, jo mindre er jeg*, *Forelska i Shakespeare*, *Mysterier*, *Borkman*, *Barnet*, *Jordopphimlesang* og *Den lille prinsen*. Hege har òg vore maskør ved Det norske teatret, Teater Ibsen, Hålogaland Teater, Nordland Teater og Kväniteateret. Ho hadde maskeansvar på *Soga om Sol* hjå Opera Nordfjord i både 2023 og 2025 og på *Figaros bryllup* i 2024. Hege var maskør på *Peter Pan - Stargate to Neverland* på Nye Hjorten Teater i Trondheim tidlegare i år.

Stig Kamonen lyddesignar

Stig Kamonen har drive med musikk sidan 1983 og har mellom anna drifta eige musikkstudio, serviceverkstad, vore prosjektleiar og stått for teknisk avvikling for nokre av Noregs største utleiefirma. Samtidig, sidan 1994, har Kamonen jobba som profesjonell lydteknikar og turnéleiar. Han har utallige turnéar bak seg både som lydteknikar og som produksjons- og turnéleiar for mange veletablerte norske artistar. Han har òg delteke i arbeidsgruppa for utarbeiding av norsk standard for akustikk i musikkrom og norsk standard for universell utforming innanfor lyd. Han er ein etterspurd lydteknikar, scenemeister og produksjonsleiar med oppdrag på kulturhus, event og festivalar i heile Noreg, samt i ulike roller for turnerande artistar.



Ine Nord produsent/scenemeister

Ine Nord er oppvaksen på Eid og har sitt første minne med Opera Nordfjord som storgut publikummar på oppsettinga av *Flaggermusen* i 1998. Sidan fekk ho vere med i barnekoret på *La Bohème* og *Elskovsdrikken*. Ine vaks opp i skulekorpset og kulturskulen på Eid og har gått vidare med musikkutdanning, der ho har oppnådd ein utøvande mastergrad i klarinett ved Sibaliusakademiet i Finland. Etter endt utdanning har Ine arbeidd innan kulturfeltet som frilans muskar, som festivalsjef og med kursing av musikk lærarar i Sør-Afrika, for å nemne noko. Ho har også vore med i orkesteret i nokre av Opera Nordfjord og Eid vidaregåande skule sine musikaloppsettingar. Ine er fast tilsett i Opera Nordfjord som produsent, og pendlar mellom ulike roller innan kulturfeltet i Oslo og jobben på Nordfjordeid.

Kristin Sandal inspisient

Kristin Sandal vaks opp i festivalen Norsk Countrytreff og vart tidleg ein del av organisasjonen. Sidan ho var 15 år har ho hatt dei fleste roller innanfor denne festivalen og tileigna seg tidleg brei arrangørkompetanse. Dette vart etterkvart grunnlaget for at ho driv med arrangement og prosjektarbeid på fulltid, noko ho i dag har drive med i over 20 år. Ho har roller som m.a. prosjektleiar, produsent, inspisient eller scenemeister på festivalar, arrangement, for teater og for turnerande artistar over heile Noreg. Ho har òg brei erfaring med administrasjonsarbeid og søknadsskriving og leverer denne type arbeid innanfor kulturbransjen til kundar i Sogn og Fjordane. Kristin er oppvaksen i Myklebustdalen på Breim i nabokommunen Gloppen. I dag bur ho der og driv firmaet OnCue ilag med sambuaren Stig Aron Kamonen.



Anne Gotaas kostymearvarleg

Anne Gotaas arbeider frilans innan kostymefaget både som designar, tilskjerar, kostymesyar og koordinator. Ho har hatt oppdrag ved fleire operascener i landet og har designa kostyme til framsyningar ved Den Norske Opera & Ballett, Ringsakeroperaen, Teatret Vårt i Molde, Operaen i Kristiansund, Trønderoperaen, Opera Trøndelag og Opera Nordfjord. Anne er godt kjend i og med Opera Nordfjord, då ho har vore med heilt frå oppstarten i 1998 og i svært mange av produksjonane, anten som designar, eller som tilskjerar og produksjonsleiar. Gotaas er utdanna kjole- og draktsyar og var i fleire år kostymekoordinator for Opera Østfold.

Mari Sægrov Djupvik Matilda

Mari er 11 år og går i 6. klasse på Sandane skule. Ho vart fødd på Lillehammer, men flytta til Sandane då ho var 3,5 år. Mari er ei aktiv jente som elsker å stå på scena, og heilt sidan ho var pitte lita har ho underhaldt familien med både song, dans og akrobatiske show. I tillegg til musikk og dans driv ho med turn, handball, fotball og ski. Ho er også veldig glad i fjellturar og å vere med familie og vennar.



Lilly Svidal-Sande Matilda

Lilly kjem fra Sandane, går i 6A på Sandane skule og fyller 11 år midt i mellom alle forestillingane. Lilly er ei aktiv jente som er med på det meste. Ho går på fotball, handball, turn, sang, dans og 4H. I tillegg er ho glad i å stå på ski og å gå på ski og likar godt å vere ute i naturen året rundt. Ho har også ei kreativ side, og likar å teikne, sy og gjere andre handverksprosjekt. Lilly er glad i å stå på scena, og har vore med på *Showtime* på Sandane alle gongane det har blitt arrangert. Ho tek med seg erfaringane derifrå i rolla som *Matilda*.

Espen Langvik Miss Trunchbull

Espen Langvik gjesta Opera Nordfjord første gong i 2001, som Belcore i *Elskovsdrikken*. Seinare blei det både Figaro i *Figaros Bryllup* i 2002, Danilo i *Den Glade Enke* i 2004 og tittelrolla i *Eugen Onegin* i 2006 og Greven i *Figaros bryllup* i 2024. Langvik var ein del av det faste solistensemblet ved Den Norske Opera & Ballett frå 2009 fram til 2017. Her song han roller som Greven i *Figaros Bryllup*, Figaro i *Barberen i Sevilla*, Tarquinus i *The Rape of Lucretia* og Benjamin Sigismund i *Den Fjerde Nattevakt*, for å nemne nokre. Espen Langvik var operasjef i Arktisk Filharmon i frå 2017 til 2023. Espen har nettopp busett seg på Nordfjordeid saman med familien sin og ser fram til å ta del i det aktive kulturlivet i Stad kommune.



Martha Standal Pavelich Miss Honey

Martha Pavelich frå Eid er utdanna musikalartist med bachelorgrad frå Institute for Contemporary Theatre i Brighton, England. Ho har praktisk talt vakse opp i takt med Opera Nordfjord - og har i mange år delteke i ulike produksjonar, som *Carmen*, *Madama Butterfly*, *Flaggermusen*, *Søner av Sola*, *Maskeballet*, *Sildagapet*, *La Traviata* og *The Sound of Music*. Her har Martha vore både korist og dansar, og i operaen *Sildagapet* spelte ho hovudrolla Inga. Martha gjorde rolla som Ellen Arlington i musikalen *Soga om Sol* i 2023 og i 2025.

Sunniva Botn Honningsvåg Mrs. Wormwood

Sunniva kjem frå Eid og tok bachelor-utdanning i Musikkteater i Brighton, England. Sunniva har vore aktiv i lokalmiljøet sidan ho var lita og har deltatt på Opera Nordfjord si scene i mellom anna operaen *Carmen*, der ho spelte vesle Michaela, og i fleire skulemusikalar ved Eid vidaregåande skule, som *Sweeney Todd* og *Fiddler on The Roof*. Ho var òg med som ensemblesongar ved noregspremiera av *Jorda rundt på 80 dagar*. Sunniva har tidlegare også vore aktiv med bandet *Indigo Child*, og har gjennom åra opptreidd rundt om i Noreg, deriblant i Oslo Spektrum, saman med bandet. Sunniva er no busett i Oslo, der fokuset er å utvikle karrieren vidare. Likevel gler ho seg til å kunne vere på Opera Nordfjord si scene igjen i år som Odditoriumets Unzi, Bondejenta Laila og andre småroller. Sunniva gjorde rolla som Unzi i *Soga om Sol* for Opera Nordfjord både i 2023 og 2025.



Eirik Risholm Velle

Mr. Wormwood

Eirik kjem frå Ørsta og er skodespelar med utdanning frå Guildford School of Acting i England. Han debuterte med monologen *Ikke forlat meg* på Brageteatret i 2014 til strålende kritikkar, og han har hatt hovudroller ved fleire av dei største institusjonsteatra i landet. Eirik har medverka i fleire film- og TV-seriar, teateroppsettingar, reklamefilmar og musikalar. Han er til dømes å sjå i den populære NRK-serien *Heimebane* og i filmen *Fjols til Fjells*, som hadde kinopremiere i 2020. I 2023 hadde filmen *SULIS 1907* av Nils Gaup premiere, der Eirik gjorde rolla som Narvik-Nils. Eirik har både stått på ski og spelt piano frå han var fem år gammal og er fullstendig fotballidiot. Tidlegare roller for Opera Nordfjord omfattar rolla som Spelgelriddaren i *Mannen frå La Mancha* i 2020, Magistaren og Julemannen i *Reisa til Julestjerna* i 2020 og hovudrolla som Emil Spelemann i *Soga om Sol* i 2023.



Nora Aurdal

Mrs. Phelps/ensemble

Nora er ein musikalartist og mezzosopran frå Volda, no busett i Göteborg. Ho er utdanna ved Högskolan för scen och musik i Göteborg, etter tidlegare studiar ved Høyskolen Kristiania og Toneheim folkehøgskule. I år er det ti år sidan hennar første møte med scena til Opera Nordfjord, då ho spelte nonne i *The Sound of Music* – starten på ein scenekunstkarriere som sidan har inkludert musikal, teater og opera. Ho har gjort seg merksam i roller som Sol Siljegard i Opera Nordfjords *Soga om Sol*, Martha i *Spring Awakening* på Göteborgs Stadsteater og Sandy i *Grease* på Kristianstad Teater i Sverige. Nora har òg sunge i operaane *Hoffmanns Eventyr* og *Sildagapet* ved Opera Nordfjord samt deltatt i *The Voice*. Med brei erfaring innan ulike musikksgangrar, songcoaching og danserepertoar mottok ho i 2023 Anders Sandrews Stiftelses stipend. No er ho tilbake ved Opera Nordfjord som Mrs. Phelps i musikalen *Matilda*.

Håkon Bøen

Legen/Utbrytarkongen/Sergei

Håkon Bøen er utdanna innan musikkteater i England. Han har medverka i fleire produksjonar hos Opera Nordfjord, mellom anna *Jorden rundt på 80 dagar* (2021), *La Traviata* (2022) og *Soga om Sol* (2023), samt reprisen av *Soga om Sol* i 2025. No ser han fram til å vere med den strålende og vidunderlege musikalen *Matilda*.



Thea Mavropoulou

Akrobaten

Thea er fødd og oppvaksen på Nordfjordeid. Ho har ei bachelorutdanning som profesjonell dansekunstner og dansepedagog frå Norges Dansehøgskole, samt master i spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo og PPU ved Høyskolen Kristiania. Ho har dansa i koreografiar av mellom andre Stian Danielsen, Kari Hoaas og Humanhood. Ved sidan av sitt utøvande virke er ho tilsett som dansepedagog ved Stad kulturskule og koreograf ved Eid vidaregåande skule. Thea har medverka i fleire av Opera Nordfjord sine oppsetjingar både som barn, ungdom og seinare som profesjonell dansekunstnar, sist i musikalen *Soga om Sol*. No ser ho fram til å gå inn i rolla som Akrobaten, etter ein god periode som koreografiassistent i musikalen *Matilda*.

Aslak Dahle

Rudolpho

Aslak er 'musikartisten' som ikkje kan lese notar og hadde sin musikalsk debut i år med *Elskhug og Eksis* - for deretter å forville seg på turné med *Soga om Sol*. Korleis gjekk dette til? For kvar ligg forskjellen mellom det å vere noko kontra å berre bedrive? Aslak er sersjant i hæren og utdanna massør med ein bachelor i filosofi. Han er breførar og ein publisert poet, som har haika med seigbåt over Atlanterhavet.



Organisasjon

Styret i Opera Nordfjord

Randi Nyhammer-Taklo, leiar
Grete Berntzen, nestleiar
Leidulf Gloppestad
Stein Åke Berteig
Laila Haugland

Vara

Geir Solvåg
Ingrid Heieren Sølvberg

Dugnadsgruppeleiarar

Kulissar: Steinar Daviknes og
Emmanuel Sadorge
Kostyme: Anne Regine Sønderland
Servering/vakt/garderobe:
Operaens Venner v/Randi
Nyhammer-Taklo
Parkering/uteområde: Per Bøen
Transport: Terje Heggen

Styret i Operaens Venner

Randi Nyhammer-Taklo, leiar
Arve Espe
Aud Espe Haraldsen
Eli-Karin Bergheim
Maria Jansen

Administrasjon

Operasjef: Kari Standal Pavelich
Produsent: Ine Nord
Verkstadansvarleg: Anndi Bergset

Økonomiansvarleg:
Ranveig Årskog

Grafisk produksjon:
Veir AS

Dugnadsoversikt

Kostyme

Anne Sønderland (leiar)

Anne-Britt Totland
Asbjørg Bjørkedal
Åse Holsvik
Aud Fonn
Birgit Båfjord
Inger Øyre
Inger-Lise Strand
Inger-Marie Osmundsvåg
Janna Muller-Planting
Lina Oos
Ragnhild Fænn Totland
Siv Emdal
Solveig Nordbø
Unn Henden

Parkering

Erhard Martin
Svein Erik Sørland
Jan Skogstad
Hans Petter Vereide
Nils Rune Nesbakk
Per Bøen

Servering/Vert

Anne Karin Rand
Arve Espe
Christine Andreassen Haavik
Hilde Bjørhovde
Ingrid Hjelmeland
Irene Lunde
Janne Skinlo
Karoline Nes
Laila Haugland
Paul Jacob Helgesen
Ragni Strand Rasmussen
Randi Nyhammer-Taklo
Solveig Sandven Kjesbu
Stein Åke Berteig
Terese Balsnes
Tore Nyhammer-Taklo
Torild Natvik

Kulissar

Albert Muller
Anders Nordbø
Anton Mladshikh
Emmanuel Sadorge

Hilde Heggen Haugland
Jørgen Bergset
Oddleiv Hauge
Ottar Øien
Pål Tore Jacobsen
Per Oos
Steinar Daviknes

Parykkar

László Bencze

Transport

Terje Heggen

Eid vgs

Interiør og eksponerings- design vg2

Maylèn Lindset Svendsli
Solveig Sjøstad
Thea Elise Vereide Botn
Zahrah Hussain Juman Al-Muslim

Følgespot

Kevin Kårdal
Marius Oliver Isene Hopland
Rolf Kristian Rønnekleiv

B-Lyd

Alexander Kupaen Løset

*Ein særskild takk til elevlar og
lærarar ved Eid vidaregåande
skule for det gode samarbeidet!*

HJARTELEG TAKK TIL ALLE VÅRE FANTASTISKE FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR!

Juleutstillinga 2025

Ilen Klaver, Helga Hjelmeland, Evy Brotnow, Arve Nes og Evy Bolseth Gjørsvik

Mykje flott kunst over to etasjar. Velkomen!

Sjå opningstidene på facebook.com/KulturGamlebanken



**Kulturhuset
Gamlebanken**

Eidsgata 10, 6770 Nordfjordeid
Tlf. 952 65 842

EIN STOR TAKK TIL SPAREBANKSTIFTINGA SOGN OG FJORDANE FOR GÅVEMIDLAR TIL MATILDA



*sparebankstiftinga
sogn og fjordane*



Foto: Getty Images

Ein ny bank du allereie kjenner

God rådgiving til kundane våre er det viktigaste vi gjer – ansikt til ansikt, kvar dag. Hos oss møter du ein personleg bank med dedikerte og dyktige autoriserte rådgivarar for både privat- og bedriftsmarknaden. No er vi Sparebanken Norge – men vi er framleis dei savi lokale folka med det savi lokale engasjementet.




sbnorge.no

SPONSOR IV

MALKO AS

Eid Motor AS

ØYANE - 6770 NORDFJORDEID
Tlf. 57 86 01 19 - 995 24 080



OPERAHUSET
NORDFJORD

Følg Opera Nordfjord på
Facebook og Instagram!



operanordfjord

ANNONSØRAR



Bankkjellaren
BAR & GJESTESTOVE



en rød brødt



AL-COM A.S.
Eidsgata 43 • 6770 NORDFJORDEID
Tlf. 57 86 37 70 • post@al-com.no



MAGNIFIKK



N-O NORDFJORD
OPTIKK



FLAMMEN
— 6770 —



Jannes
HÅRVERKSTED



cut
HÅR OG VELVÆRE

NORD
FRISØRSALONG



nordfjordklinikk1

Cats Café
Restaurant & Pizzeria



Eidsgata 45
53 99 360 / 578 60 080



interoptik
Sæbo

Eidsgt. 1, tlf.: 57 86 11 54, Nordfjordeid



 /operavenner

Operaens Venner er ein veldedig medlemsorganisasjon som jobbar for å støtte opp om og skape engasjement og entusiasme for Opera Nordfjord.

Vil du bli ein av oss? E-post: taklorandi@hotmail.com eller tlf. 412 47 888





KULTURDEPARTEMENTET



Vestland
fylkeskommune



Stad kommune



Opera Nordfjord innbyr til konsert i Eid Kyrkje

Søndag 28. desember kl. 18.00 til inntekt for Leger Uten Grenser.

Lokale solistar og musikarar deltek. Fri inngang – kollekt.

Fjordabladet

REMA 1000

NORDFJORDEID



sport 1
ekte sport.



**China
Restaurant
Chen**

Almenningen 1
Tlf: 57 86 25 99



Man-Fre: 09.00 - 16.30
Lør: 10.00 - 15.00

Didriks

Kafé

Man-Fre: 08.30 - 18.00
Lør: 08.30 - 16.00



EXTRA
EXTRA STORT UTVALG TIL EXTRA LAVE PRISER



ORIS DENTAL
Vi kan tenner. La oss ta vare på dine



Hildenes Gartneri as



VEST
Energiteknikk

| minibakeriet |



FIN
frisør og hudpleie

Primula
Design

GÅR - LAPPETID - HØR



Musikkteaterskule i vinterferien

Musikkteaterskule på Fjordane Folkehøgskule

Veke 8

Vi er glade for igjen å kunne innby til Musikkteaterskule fire heile dagar i vinterferien med profesjonelle instruktørar.

Aldersgruppe: 4. klasse til og med 3. klasse på vidaregåande skule

**Påmelding opnar snart
på www.operanordfjord.no**



Musikkteaterskule i sommarferien


Musikkteaterskule på Fjordane Folkehøgskule

Veke 30

Vi innbyr til gratis musikkteaterskule i sommarferien 20.-25. juli med avsluttande framsyning i Operahuset Nordfjord.

Aldersgruppe: frå og med dei som startar i 4. klasse hausten -26 til og med dei som startar siste året på vidaregåande skule.

**Påmelding opnar snart
på www.operanordfjord.no**



VÅRTURNÉ 24.– 26. april 2026

24. april: Operahuset Nordfjord

25. april: Førdehuset

26. april: Blir snart klart

Dirigent: Michael Pavelich

Solistar: Lydia Hoen Tjore, sopran - Cecilia Lund Tomter, mezzosopran

Nordfjord Operakor – Musikklinjekoret på Firda vgs

Ålesund Operakor – Stort operaorkester

**Meir info kjem på
www.operanordfjord.no**

Premiere 30. september 2026



CARMEN 30. september 2026

Musikk av Georges Bizet

Libretto av Henry Meilhac og Ludovic Halévy

Nynorsk omsetting og bearbeiding av Edvard Hoem

Regissør: Marit Grytnes Dullaert

Dirigent: Per Kristian Skaland

Scenografi: Åse Hegrenes – Kostyme: Jenny Lindmo Teig

Lysdesign: Ovar Holmen – Koreografi: Simen Gløppen

I rollene: Lilly Jørstad, Simen Bredesen, Magnus DorholtKjeldal, Cleo Lee-McGowan, Elisabeth Gimmetstad, Cecilia Lund Tomter, Markus Bjørlykke, Lars Eggen, Espen Langvik, Trond Gudevold

Dansarar: Thea Mavropoulou, Sara Sandvik Arnestad, Tuva Nyhammer-Taklo

Premiere 30. september 2026, til saman 8 forestillingar

**Billettsalet startar måndag
8. desember på www.operanordfjord.no**



VEIR

OPERA
NORDFJORD

operanordfjord.no

  /operanordfjord